



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/477-5

16.02.2024

Dokument 8:76 S (2023-2024) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Rasmus Hansson, Lan Marie Nguyen Berg og Une Bastholm om ny arealpolitikk for å stanse nedbygging av norsk natur

Vi viser til brev frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomité av 30. januar 2019 og representantforslag 8:76 S (2023-2024) om ny arealpolitikk for å stanse nedbygging av norsk natur.

Kommunane har ein sentral rolle i arealforvaltninga. Dei forvaltar 83 % av landets areal gjennom planar etter plan- og bygningslova, og har ei viktig oppgåve i å legge til rette for lokal utvikling, ta vare på viktig natur og bidra til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Regjeringa førar ein arealpolitikk som skal bidra til utvikling i heile Noreg. Noreg er eit land med store geografiske skilnader, og ulike lokalsamfunn i landet vårt har ulike behov knytt til arealplanlegginga. Difor er det lokale sjølvstyret i arealsaker viktig. Samstundes har regjeringa sagt at klima og natur skal være ramma rundt all politikk, noko eg opplever at norske kommunar følgjer opp kvar einaste dag. Regjeringa jobbar fortløpande med å styrke kommunane sitt grunnlag for å gjere heilskapelege og gode vurderingar i arealforvaltninga. Blant anna har vi fleire pågåande arbeid med meldingar til Stortinget som vil omhandle tema innanfor arealpolitikken.

Under følger kommentarar til forslaga i representantforslaget. Svaret er utarbeidd i samarbeid med Klima- og miljødepartementet, Energidepartementet, Finansdepartementet Samferdselsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

- 1. Stortinget ber regjeringen i den varslede handlingsplanen for Norges oppfølging av den globale naturavtalen legge til grunn at Norge skal verne minst 30 prosent av norsk natur innen 2030 og restaurere minst 30 prosent av forringet norsk natur innen 2030, og at målene skal innfris gjennom et representativt utvalg av norsk natur**

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med konkret oppfølging av den globale naturavtalen i ei ny stortingsmelding for naturmangfald i år. Dette blir Noregs nye handlingsplan for natur. Måla i naturavtalen er globale, og den nye meldinga skal vise Noreg sitt bidrag til å oppnå desse. Eg meiner det er formålstenleg å vurdere forslaget som del av arbeidet med denne stortingsmeldinga, og tilrår at representantforslaget ikkje blir vedteke.

- 2. Stortinget ber regjeringen sette mål om å gjøre Norge arealnøytralt innen utgangen av 2027**

Regjeringa har i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 oppfordra kommunane til å sette seg mål for å redusere nedbygginga av areal. Mellom 50 og 100 kommunar har vedteke eit mål om arealnøytralitet i ein eller annan form, i følgje Klimautvalet 2050. Utvalet definerer arealnøytralitet som «å stanse tap av natur og restaurere like mye natur som bygges ned». Utvalet skriv vidare at eit mål om *naturnøytralitet* på nasjonalt eller regionalt nivå kan bidra til å tydeleggjere korleis arealpolitikken i Noreg skal bidra til å redusere utslepp av klimagassar og stanse tap av natur, men at det bør vurderast nærare om det i et nasjonalt perspektiv er mest hensiktsmessig med eit slikt mål på regionalt eller nasjonalt nivå, og korleis områda til havs skal inngå. Eg viser elles til arbeidet med naturmeldinga der vi vil vurdere tiltak og verkemiddel for å redusere bruken av areal og nedbygginga av natur. Mål for naturpolitikken, som nemnd i punkt 1, bør diskuterast som ein samla del av denne meldinga. Eg tilrår på denne bakgrunnen at representantforslaget ikkje blir vedteke.

- 3. Stortinget ber regjeringen utrede og legge fram forslag som lovfester et mål for arealnøytralitet både til lands og til havs og gjøre dette bindende for arealpolitikken, herunder for planer og enkeltsaksbehandling på alle forvaltningsnivåer**

Eg viser til vurderinga av forslag nr. to over.

- 4. Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om en nasjonal naturavgift for å øke den kommersielle interessen for å utnytte allerede nedbygde arealer. Naturavgiften skal innrettes på en måte som ikke gjør nedbygging av natur eller matjord til en inntektskilde for den enkelte kommune**

Ei naturavgift har vore drøfta i fleire samanhengar, mellom anna av økosystemtenesteutvalet i 2013, grøn skattekommisjon i 2015 og skatteutvalet i 2022. Desse utgreiingane har i stor

grad sett på det teoretiske rammeverket for ei naturavgift, og i liten grad vurdert dei praktiske sidene av ei avgift.

Ei utgreiing vil vere omfattande og innebere eit grundig og langsiktig arbeid. Det vil ikkje vere mogleg å innføre ei naturavgift på kort sikt.

For at ei naturavgift skal kunne innførast må det mellom anna etablerast eit tydeleg avgrensa avgiftsgrunnlag, det vil seie at det må fastsettast kva som vert omfatta av avgiftsplikta. Ei avgift der avgiftsplikta for eksempel kun vert knytt til storleiken på arealet, vil gi ei lite treffsikker prising av dei negative eksterne effektane som utbygginga fører til. Ei treffsikker avgift på naturinngrep vil også reflektere at negative eksterne effektar avheng av kva type natur som vert bygd ned, og korleis delar av naturen eventuelt vert sikra i sjølve utbygginga. Ein treffsikker innretning av avgifta vil kunne krevje eit omfattande datagrunnlag.

Vidare må det også fastsettast når avgiftsplikta skal tre inn. For eksempel kan byggeprosessar ta fleire år, og omfanget av det planlagde naturinngrepet i prosjektfasen kan avvike betydeleg frå sluttresultatet. Det er derfor krevjande å avklare kva som er det riktige tidspunktet for å vurdere omfanget av inngrepet og dermed avgiftsplikta. Dersom avgifta vert kravd inn ved ferdigstilling, vil ho ikkje fange opp prosjekt som av ulike grunnar vert avslutta før dette, sjølv om naturinngrepet er gjennomført.

Det er også krevjande å fastsette kven som skal være avgiftssubjektet. Fleire aktørar er involverte i utbyggingsprosjekt og andre naturinngrep. For at avgifta skal være handterbar for styresmaktene og næringslivet, bør ikkje talet på avgiftssubjekt vere for stort.

5. Stortinget ber regjeringen bidra til faglig oppdaterte og demokratisk forankrede arealplaner i norske kommuner ved å sette tidsfrist for gjennomføring av «planvask» og sørge for økt kompetanse og ressurser i kommunene til dette

Oppdaterte samfunns- og arealplanar er viktige for at utviklinga skal gå i den retninga kommunen ønsker samstundes som nasjonal og regional arealpolitikk blir fylgt opp. Regjeringa forventar at kommunane vurderer om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster, når dei reviderer kommuneplanens arealdel. Dette går fram av Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Det er også viktig at kommunane vurderer behovet for å endre eller oppheve gamle reguleringsplanar som ikkje gjev tilstrekkeleg styring med arealbruk og utbygging.

Behovet for å revidere gjeldande arealplanar varierer frå kommune til kommune, og er mellom anna avhengig av alder på planane og utbyggingspress. Arbeidet med å sikre at plangrunnlaget er oppdatert er ei kontinuerleg oppgåve som kommunane må sette av ressurser til. Regjeringa har ikkje sett ein frist for planvask, men forventar at kommunane vurderer behovet for revisjon av kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplanar i

den kommunale planstrategien som dei skal vedta innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Som grunnlag for ein «planvask» bør kommunane mellom anna utarbeide eit arealrekneskap med oversikt over areal som er sett av til byggeføremål og dagens arealbruk i desse områda. Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt rettleiing om korleis dette kan gjerast. Departementet utarbeider òg rettleiing om korleis kommunane kan gjennomføre ein systematisk gjennomgang av gjeldande arealplanar. Rettleiinga er forventa klar i løpet av 2024.

I budsjettet for 2024 er tilskotsordninga for kommunal arealplanlegging for natur styrka med 50 millionar kroner over Klima- og miljødepartementet sitt budsjett. Frå før kunne kommunane søke om tilskot til å utarbeide ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald. Nytt av året er at kommunane også kan søke om tilskot til å gå gjennom eldre arealplanar og vurdere desse i tråd med oppdatert kunnskap om naturverdiar, såkalla «planvask». I tillegg blir det opna for tilskot til gjennomføring av kommunale tiltak for å ivareta naturmangfald.

Eg har tiltru til at kommunane ser viktigheita av å ha eit oppdatert plangrunnlag og gjer gode vurderingar av kva planoppgåver som skal prioriterast i kommunestyreperioden gjennom arbeidet med kommunal planstrategi. Det er ikkje hensiktsmessig å sette ein tidsfrist for dette arbeidet.

6. Stortinget ber regjeringen sikre at statsforvalteren har en lav terskel for å gripe inn mot utbygginger som er i strid med plan- og bygningsloven eller fører til alvorlige inngrep i naturen

Det følgjer av plan- og bygningslova § 3-2 at offentlege organ har rett og plikt til å delta i kommunale planprosessar, og at dei skal gi informasjon som kan ha betydning for planlegginga. Dette er særleg viktig ved oppstart av planprosessane. I høyringsfasen kan statlege og regionale styresmakter fremme motsegn til planforslag i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning for vedkommande organ sitt saksområde. Motsegn skal vere grunngeve i vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer. Klima- og miljødepartementet har i rundskriv T-2/16 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet» klargjort kva for interesser som kan gi grunnlag for motsegn på miljøområdet.

Regjeringa har vore tydeleg på at klima og natur skal vere ramma rundt all politikk. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 ber vi mellom anna kommunane unngå nedbygging av viktig natur og karbonrike areal så langt det er mogleg. Vi forventar også at fortetting og transformasjon blir vurdert før det blir lagd til rette for utbygging i nye område.

Motsegn kan vere nødvendig for å vareta nasjonale og vesentlege regionale interesser, men forlenger også planprosessane. Det er derfor viktig at kommunane og aktuelle styresmakter

har dialog tidleg i planprosessane for å finne gode løysningar. Regjeringa forventar at regionalt planforum blir aktivt brukt som grunnlag for å avklare og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i planprosessane.

Kommunane har ansvar for at også nasjonale og regionale interesser blir varetakne i planlegginga. Eg er overtydd om at kommunane er i stand til å vareta nasjonale og regionale interesser samtidig som dei dekker lokale omsyn og behov, og at dei saman med aktuelle styresmakter finn gode løysingar i planprosessane.

7. Stortinget ber regjeringa gjennom statsforvalteren bidra til at dispensasjonar fra planer og bestemmelser i byggesaker gis i tråd med plan- og bygningsloven, og kun som unntak og i klare tilfeller

Plan- og bygningslova bygger på eit prinsipp om at arealbruk skal styrast gjennom rammene som blir vedtekne i arealplanar. Tilgangen til å gi dispensasjon er grunngeve ut frå at det i særlege tilfelle er behov for å gjere unntak. Vilkåra for dispensasjon er strenge og blei stramma inn ved lovendingar i 2021. Viss ein kommune gir dispensasjon i strid med plan- og bygningslova, kan statlege og regionale myndigheiter klage på dispensasjonsvedtaket. Gjennom dette arbeidet og det arbeidet statsforvaltarane gjer som klageinstans og rettleiar, er statsforvaltarane allereie viktige garantistar for å sikre at kommunale dispensasjonsvedtak er i samsvar med plan- og bygningslova.

8. Stortinget ber regjeringa ta vesentlig mer hensyn til natur, matjord og friluftsliv når innsigelsar fra statsforvalteren vurderes av Kommunal- og distriktsdepartementet

Regjeringa er oppteken av å finne balanserte løysingar i motsegn saker som ikkje vert løyste lokalt. Sakene er ulike, og krev konkrete og grundige vurderingar av lokale, regionale og nasjonale interesser. I sakene Kommunal- og distriktsdepartementet har handsama etter regjeringsskiftet har kommunane fått medhald i 1/3 av sakene og dei regionale og statlege styresmaktene i 1/3 av sakene. I dei andre sakene har vi funne mellomløysingar som balanserer omsynet til lokal utvikling og nasjonale eller viktige regionale interesser. Før Kommunal- og distriktsdepartementet avgjer saka, hentar vi inn tilrådingar frå dei departementa som saka vedkjem. Desse tilrådingane er eit viktig grunnlag for vurderinga til Kommunal- og distriktsdepartementet, og sikrar at avgjerdene blir tekne etter ei heilskapleg vurdering av saka ut frå gjeldande nasjonal politikk og oppdatert fagkunnskap.

9. Stortinget ber regjeringa sørge for at det settes klare rammer for kommunene, slik at hyttebygging kun kan skje i tilknytning til eksisterende byggeområder og infrastruktur

Kommunane har hovudansvaret for berekraftig hyttebygging. Regjeringa har framheva dei gjeldande føringane for planlegginga av fritidsbustader i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027. Eg forventar at potensialet for fortetting og utviding av

eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område. Dette gjeld særleg i område med utbyggingspress.

Kommunal- og distriktsdepartementet gav i 2022 ut ein eigen rettleiar om planlegging av fritidsbustader. Rettleiaren omtaler omsyn som er viktig for å sikre ein berekraftig hyttebygging, og er viktig for å styrke kommunane sin kompetanse på dette området. Regjeringa arbeider no med nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og for klima- og energiplanlegging. Retningslinjene skal etter planen sendast på høyring i vinter.

10. Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om unntak fra netteiers tilknytningsplikt ved etablering av nye hyttefelt og utvidelse av eksisterende hyttefelt, slik at disse ikke lenger er garantert tilkobling til strømmettet

Nettselskapa er i dag forplikta til å likebehandle kundane etter energilova. For nett med spenning på 22 kV og lågare har nettselskapa leveringsplikt, som mellom anna inneber ei plikt til å tilknytte nye forbrukskundar til straumnettet. Leveringsplikta gjeld også dersom det må investerast i nettet, men i så fall må kundane som utløyser investeringa betale sin del av investeringskostnaden (anleggsbidrag). Reguleringsmyndigheita for energi (RME) kan dispensere frå leveringsplikta når særlege grunner tilseier det. Grunnlaget for å gje dispensasjon vurderast konkret i den einskilde sak.

Oppgåva med å utforme og gjennomføre ein «ny arealpolitikk for å stanse nedbygging av norsk natur» bør ikkje løysast ved at statlege energimyndigheiter, gjennom reglene om tilknytning til straumnettet, indirekte regulerer spørsmål om arealbruk i kommunane. Forbrukaranes tilknytning til straumnettet bør framleis vere basert på objektive og ikkje-diskriminerande kriteria. Fritidsbustader kan også få straum utan tilknytning til straumnettet, til dømes gjennom aggregat og solceller. I slike høve vil forslaget heller ikkje vere målretta til å hemme hytteutbygging. Energimyndigheitene og nettselskapa er ikkje riktig instans for å overprøve kommunane sine vedtak om arealdisponering. På denne bakgrunn tilrår eg at dette forslaget ikkje blir vedteke.

11. Stortinget ber regjeringen legge fram forslag til konkrete tiltak som skal stimulere til økt privat hyttedeling og til flere offentlige og frivillige dele- og utlånsordninger for hytter

Privat hyttedeling kan gje fleire personar tilgang til ein fritidsbustad og redusere behovet for nye fritidsbustader. Kommunane kan regulere område til utleigehytter som del av næringsverksemd, men dei kan ikkje stille krav om utleige av private fritidsbustader. Det viktigaste destinasjonsselskap og næringsaktørar kan gjere for å stimulere til auka privat hyttedeling, er å etablere digitale marknadsplassar og tenester som gjer det enkelt for hytteeigarar å leige ut fritidsbustaden. Fleire hyttestedstasjonar har lukkast godt med dette. Det er også viktig at nye fritidsbustader og fritidsbyggområde vert planlagde på ein måte som gjer det enkelt å leige ut hytta. Eg har tiltru til at kommunar, utbyggjarar og destinasjons-

selskap finn gode løysingar på dette, og kan ikkje sjå at det er behov for ytterlegare offentleg regulering eller økonomiske insentiv for å stimulere til auka privat hyttedeling.

Eg viser elles til finansministeren sitt brev av 13. mai 2022 med vurderingar av tilsvarande forslag 2 i representantforslag 8:231 S (2021-2022) framsett av MDG.

12. Stortinget ber regjeringen raskest mulig, og senest i den varslede stortingsmeldingen om villrein, utarbeide og legge fram forslag om forbud mot bygging i de nasjonale villreinområdene

Vår fjell-levande villrein lever i totalt 24 område, der ti av områda er klassifiserte som nasjonale villreinområde. I desse ti områda lever mesteparten av villreinen. Kunnskapen vi har om villreinen viser at det er samansette faktorar som gjer at tilstanden til villreinen er svekka. Dette bildet synar at vi i fellesskap må iverksette fleire små og meir omfattande tiltak dersom vi skal klare å oppretthalde gode og livskraftige villreinbestander i Noreg. Vi er godt i gang med arbeidet med ei stortingsmelding om villrein, og målet med denne meldinga er å legge fram forslag til ny politikk som i sum bidrar til at villreinen på lang sikt kan oppnå god tilstand. Vi vil i meldinga sjå på ulike element som kan bidra til forbetringar for villreinen, også utfordringane knytt til bygging i og i nærleiken av villreinområda. Eg tilrår på denne bakgrunn at representantforslaget ikkje blir vedteke.

13. Stortinget ber regjeringen raskest mulig utarbeide og legge fram forslag om et forbud mot nedbygging av villmarkspregede områder, myr og våtmarksområder, gammelskog og andre spesielt verdifulle naturtyper

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Miljødirektoratet utgreidd og foreslått eit forbud mot nedbygging av myr. Verdifull natur skal bli tatt omsyn til i den kommunale arealplanlegginga. KLD har i rundskriv T-2/16 uttalt kva for natur som er av nasjonal og vesentleg regional interesse. Døme på dette er trua artar og trua naturtypar, svært viktige eller viktige friluftslivsområde etter Miljødirektoratets rettleiar M98-2013 og intakte samanhengar mellom større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttings- og spreingskorridor for artar. Viss kommunane ikkje tek omsyn til slik natur i si arealplanlegging, kan statsforvaltaren om nødvendig fremme motsegn til planen.

Det går fram av Hurdalsplattforma at regjeringa vil etablere ein meny av tiltak som skal bidra til å oppretthalde eit mangfald av økosystem i god økologisk tilstand. Regjeringa har starta arbeidet for økosystemet skog, og motteke ein rapport der aktuelle direktorat beskriv relevante tiltak og verkemiddel for å oppretthalde eller betre økologisk tilstand. Dette omfattar tiltak knytt til arealforvaltning. Regjeringa vil etter ei samla vurdering av fordelar og ulemper ta stilling til kva tiltak som skal gjennomførast for å oppretthalde eller forbetre den økologiske tilstanden.

Vi har prosessar gåande som vi bør vente på før vi tek stilling til konkrete tiltak. Eg tilrår difor at representantforslaget ikkje blir vedteke.

14. Stortinget ber regjeringen iverksette tiltak for å sørge for at forbudet mot nedbygging av strandsoner og matjord håndheves bedre, og at hensynet til verdifull natur vektlegges tyngre i arealforvaltningen. Stortinget skal orienteres om dette arbeidet senest i forslag til statsbudsjett for 2025

Stortinget har nyleg vedteke ein ny nasjonal jordvernstrategi, etter framlegg frå regjeringa. Strategien inneheld eit nytt og skjerpa nasjonalt mål for omdisponering av dyrka jord, og nye konkrete tiltak for å nå målet. Jordvernmålet er no sett til maksimalt 2000 dekar omdisponert dyrka jord per år, og målet skal vere nådd innan 2030. Sidan det første gong vart sett eit jordvernmål i 2004 har årleg omdisponering gått gradvis nedover frå over 11000 dekar pr år. Eit tydeleg mål er eit viktig tiltak i seg sjølv.

Den nye jordvernstrategien inneheld ei rekkje tiltak for å nå jordvernmålet, og regjeringa er i gong med å gjennomføre strategien. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, understrekar regjeringa at bevaring av dyrka jord er ei nasjonal interesse. Regjeringa forventar at fylkeskommunar og kommunar bidreg til å styrkje jordvernet og at arealforvaltninga bidreg til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i samsvar med jordvernstrategien. Kommunal- og distriktsministeren og landbruks- og matministeren har nyleg sendt eit brev til alle kommunane der dei blir oppmoda om å ta godt vare på matjord i arealplanlegginga. I brevet ber ein mellom anna om at kommunane, når dei reviderer arealdelen i kommuneplanen, vurderer om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til jordvernet.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen gir føringar for kommunane si planlegging i 100-metersbeltet langs sjø. Retningslinjene deler landet inn i tre soner med ulike føringar tilpassa utbyggingspress og behovet for vern av interessene i strandsona. Det er ei generell retningsline at utbygging bør konsentrerast til etablerte byggeområde og at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Regjeringa legg til grunn ein streng praksis i strandsona i pressområda. I område med lite utbyggingspress, i sone 3 i retningslinjene, vil det i større grad vere mogleg å leggje til rette for ny utbygging som bidreg til næringsutvikling og arbeidsplassar.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 oppmodar regjeringa kommunane til å setje seg mål for å redusere nedbygginga. Regjeringa forventar at naturmangfald, jordbruksareal, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga, og at samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagd vekt på. KLD har i rundskriv T-2/16 uttalt kva for natur som er av nasjonal og vesentleg regional interesse. Viss kommunane ikkje tek omsyn til slik natur i sin arealplanlegging, kan statsforvaltaren om nødvendig fremme motsegn til planen.

Eg meiner at regjeringa har ein tydeleg politikk for å vareta strandsoner, matjord og verdifull natur, og legg til grunn at kommunane følgjer opp dei nasjonale føringane. Eg tilrår difor at representantforslaget ikkje blir vedteke.

15. Stortinget ber regjeringa sikre at terskelen for å få dispensasjon til nedbygging av strandsoner, matjord og annan verdifull natur heves vesentleg

Terskelen for dispensasjon er i dag allereie høg. Kommunane kan ikkje gi dispensasjon viss omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna i lovens formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser, blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane med å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene. Desse vilkåra gjeld sjølvstøtt også når saka dreier seg om nedbygging av strandsona, matjord og annan verdifull natur.

Dispensasjonsføresegna i plan- og bygningslova blei endra i 2021. Eit formål med lovendringa var å tydeleggjere at nasjonale og regionale interesser er viktige omsyn som skal ivaretakast ved vurderinga av ein dispensasjonssøknad. Endringa sikrar ei heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Kommunane må grunnleggje dei vala dei gjer. I den grad det er gitt retningslinjer om kva som er nasjonal eller regional politikk, bør dette også kome fram i vedtaket til kommunen. I forarbeida, jf. Prop. 169 L (2020-2021), er det gjort greie for at mindre saker kan reise viktige prinsipielle spørsmål, der valet av løysing kan ha betydelege konsekvensar utover den aktuelle saka. Dette kan gjera at saka får vesentleg betydning. Den samla miljøeffekten for eit område skal ha vekt.

Regjeringa meiner at dispensasjonsføresegna og den terskelen som ligg der, bør vere tilstrekkeleg for å sikre strandsona, matjord og annan verdifull natur. Vilråa for dispensasjon er som oftast ikkje oppfølgde ved større naturinngrep. For slike inngrep krevst det i all hovudsak ei planavklaring.

Regjeringa oppdaterer jamleg rettleiinga om regelverket og vil fortsette med det framover. Det er viktig at kommunane til ein kvar tid held seg oppdatert på gjeldande rett og dei nasjonale og regionale føringane.

16. Stortinget ber regjeringa gi kommunene bedre verktøy og mer ressurser til å kartlegge og følge opp ulovligheter i strandsonen. Stortinget skal orienteres om dette arbeidet senest i forslag til statsbudsjett for 2025

Kommunen har etter plan- og bygningsloven § 32-1 plikt til å følgje opp brot på føresegner gitt i eller i medhald av lova. Berre dersom brotet er av mindre betydning, kan kommunen avstå frå å forfølgje det. Kommunane har ansvar for å setje av tilstrekkeleg ressursar til å følgje opp ulovlege tiltak.

Etter friluftsløva § 40 kan kommunen mellom anna pålegge fjerning av ulovlege stengsel og ulovlege skilt i strandsona, og dei kan fastsette tvangsmulkt. Kommunar langs Oslofjorden, som er eit område med mykje tiltak i strandsona, kan søkje tilskot til juridiske avklaringar i

arbeidet med å sikre allmenta si tilgang til strandsona. Tilskotsordninga vert forvalta av Miljødirektoratet (kap. 1420 post 66 i Klima- og miljødepartementet sitt budsjett)

Eg meiner at kommunane har gode verktøy til å følgje opp ulovlege tiltak i strandsona, og tilrår at representantforslaget ikkje blir vedteke.

17. Stortinget ber regjeringa legge fram tiltak som sikrer bedre samordning av kommunenes åpning av næringsareal i natur eller på annan måte sikrer at det ikke åpnes unødig mye næringsareal og ødelegges mye natur fordi kommunene konkurrer ukoordinert om å tilby nytt næringsareal

Regjeringa er opptatt at det blir sikra god tilrettelegging av næringsareal, samstundes som naturen og andre viktige interesser blir ivaretatt. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 har regjeringa ei forventning om at det i kommunale og regionale planar blir lagd til rette for tilstrekkelege næringsareal med minst mogleg negative konsekvensar for klima, miljø og samfunn. Regjeringa forventar at næringsareal blir planlagd med eit regional perspektiv, og at energibruk, krafttilgang, gjenbruk og meir effektiv utnytting av eksisterande næringsareal og infrastruktur inngår i planvurderingane. Fortetting og transformasjon av eksisterande bustad- og næringsområde bør alltid vurderast før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk. Regjeringa meiner dette kan redusere arealbeslaget, slik at ein unngår nye inngrep i urørt natur eller matjord.

I forventningsdokumentet peikar regjeringa på at fylkeskommunane kan bidra til eit godt vurderingsgrunnlag ved å utarbeide regionale analysar av tilgangen til og behovet for areal til ulike næringsføremål, i lys av realistisk tilgang på energi. Regjeringa meiner at større næringsareal bør vurderast i regionale planar, slik at arealbruk, krafttilgang, transport og regional utvikling blir sett på tvers av kommunegrensene.

Kommunal- og distriktsdepartementet er i gang med å utarbeide ein rettleiar om planlegging av grøn industri, som ei oppfølging av vegkart for grønt industriløft. Målet er å sikre rett lokalisering av grøn industri og minimere negative verknadar for miljø og samfunn. Rettleiaren vil vise kva vurderingar og utgreiningar som bør gjerast på regionalt nivå, i arealdelen i kommuneplanen og i reguleringsplan. Rettleiaren vil òg gje råd om bruk av arealføremål og planføresegner, som mellom anna skal bidra til at kommunanes sikrar ei god arealutnytting. Rettleiaren vil vere relevant òg for planlegging av andre større næringsetableringar.

Regjeringa har nyleg send eit forslag til ny kart- og planforskrift på høyring, der det er føreslått eit eige underføremål for kraftkrevjande industri på reguleringsplannivå. Høyringsutkastet opnar òg for å ta inn eit slikt føremål til arealsonar i regional plan. I tillegg er det føreslått eit eige underføremål for datasenter på reguleringsplannivå. Desse forslaga kan gje fleire moglegheiter til å styre lokaliseringa av areal- og kraftkrevjande næringer.

Eg meiner det ikkje er behov for ytterlegare tiltak for å samordne utlegging av næringsareal, og tilrår at representantforslaget ikkje blir vedteke.

18. Stortinget ber regjeringen i alle eksisterende og nye nasjonale veiplaner legge fram samlede og lett tilgjengelige oversikter over direkte og indirekte påvirket naturareal, type natur og status for vedkommende naturtype

For å betre synleggjere arealbeslaget i forbindelse med samferdselsprosjekt blei det i Nasjonal transportplan (NTP) 2022–2033 lansert ein indikator for naturmangfald. Indikatoren blei definert som netto tal dekar inngrep i naturområde med nasjonal eller vesentleg regional verdi. For å styrke beslutningsgrunnlaget ytterlegare og sikre at omsynet til natur blir tillagt tilstrekkeleg vekt, har transportverksemdene utarbeidd eit arealrekneskap som eit verktøy for å kartleggje alle typar arealbeslag ved utbyggingar. Arbeidet både med arealrekneskapen og indikatoren for naturmangfald vil fortsette med NTP 2025-2036 som leggest fram nå til våren. Mellom anna skal det vurderast korleis data frå arealrekneskapen og naturmangfalds-indikatoren kan samordnast med og nyttast i arbeidet med metoden for ikkje prissette verknader i konsekvensutgreiingar. Det er vidare aktuelt å utvikle nye indikatorar som i større grad rettar seg mot konsekvensane av arealbruken.

Tiltakshierarkiet er eit viktig prinsipp for å redusere påverknaden på naturverdiar i forbindelse med samferdselsprosjekt. Tiltakshierarkiet inneber at man først skal søke å unngå negative konsekvensar for naturen, før ein avbøter, restaurerer eller som siste utveg kompenserer den tapte naturen. Tiltakshierarkiet skal leggest til grunn i alle samferdselsprosjekt, slik at det sikrast at skade så langt som mogleg unngåast før avbøtande tiltak, restaureringstiltak eller økologisk kompensasjon vurderast. Forskrift om konsekvensutgreiingar stiller også krav til konsekvensutgreiingar for samferdselstiltak og andre utbyggingar.

Klima- og miljødepartementet har også sett i gong eit arbeid for å utvikle ein naturrekneskap for Noreg. Naturrekneskapen vil vise kor mykje natur vi har (areal), tilstanden til naturen og kva for økosystemtenester han leverer, i tillegg til korleis dei endrast over tid. Med denne naturrekneskapen kan vi betre overvake korleis naturen blir påverka av menneskeleg aktivitet, og styrke kunnskapsgrunnlaget for avgjerder om natur. bl.a. trafikk og utbygging, og drift og vedlikehald av transportinfrastruktur.

På denne bakgrunnen tilrår eg ikkje at representantforslaget blir vedteke.

19. Stortinget ber regjeringen gjennomføre tiltak for å sikre at naturbaserte næringer som havbruk, skogbruk og jordbruk drives i tråd med naturavtalens mål om at all natur skal forvaltes bærekraftig, og orientere Stortinget om arbeidet senest i den varslede stortingsmeldingen om oppfølging av naturavtalen

Som eg skriv i mi vurdering av forslag nr. ein over, vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med konkret oppfølging av den globale naturavtalen i ny stortingsmelding for naturmangfald i år. Eg meiner det er formålstenleg å vurdere forslaget som del av arbeidet med denne stortingsmeldinga, og tilrår ikkje at representantforslaget blir vedteke.

Med helsing



Erling Sande